

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk Seterkultur
Nummer 4 - desember 2001



Innbald:

Økoturisme	s. 2
Helmesida	s. 2
Velkomen til seters	s. 2
Reglar og tilskot	s. 3
Årsmote og seminar	s. 3
Stor og rett	s. 4
Andre tider	s. 5
Norsk stoltslandskap	s. 5
Mountain Forum	s. 5
Ystekurs i Slingsås	s. 6
Nettverksmote	s. 7
Seterdrift i Romsdalen	s. 8
Getta som ville heim til jul	s. 9
Grender innved Trollheimen	s. 10
Regionale kompetansesenter	s. 10
Restaurering av eldre bygg	s. 10
Det internasjonale fjellåret	s. 11
Center for Bio-diversitet	s. 12



Norsk
Seterkultur

Heimesida

www.seterkultur.no

- Seterbrukaren skal framleis vera den viktigaste informasjonskanalen vår, det handfaste kontaktleddet i utviklinga av organisasjon og nettverk - med 4 utgaver i året. Men samstundes utviklar vi heimesida til å bli meir aktuell, med plass for både jobbformidling og marknadsføring. Meir «nyhende» frå seterdrifta og seterkulturen vil vi òg presentere der. Oppmodinga er såleis: meld frå om ting som skjer - og bruk heimesida!

- Det skjer altså ting med heimesida vår for tida! Endeleg er vi i ferd med å få på plass ein markeds plass for jobbformidling og kjøp og sal av varer og tenester.

- Samtidig er vi i gang med å få til eit tilbod for marknadsføring av stolar som har ulike produkt å selje. Har du ost, smør, romme o.a. å selje og/eller driv «open seter» for



aktivitet, oppleving og deltaking - så kom igjen! Og sjølsagt er dette stedet for dei som driv servering, har tilbod for overnatting og evt. andre tilbod med utgangspunkt i setra/garden.

«Velkommen til seters!»

Medlemstilbod - marknadsføring via internett. Lenge til sommars, men så absolutt på høg tid å få fart på marknadsføringa av seterprodukt! Det er ein god del seterbrukarar som har ulike mjølkeprodukt til sals, sameleis tilbod om opplevingar og aktivitetar, servering og overnatting. Men produkt og tilbod er ikkje alltid så lett å finne. Leitar ein i dei større reiselivskatalogane eller på internett er det heller lite å finne.

Mange vender seg difor til Norsk seterkultur for å finne slike tilbod, og vi prøvar å løse folk vidare så godt vi kan. Men det er tydeleg behov for eit betre opplegg! Såleis kan vi no tilby setrene - som er medlemmar i NSK - ein presentasjon på internett. Det er plass til to foto og 1500 tegn tekst for å presentere setra og produkta, og sjølsagt er det plass til namn (seter, gard, vertskap/drivar), adresse, telefon, faks, e-postadresse, evt. heimeside, sesong (datoar) og beskrivelse av korleis ein kjem seg til den aktuelle stølen. Om ein skriv ut presentasjonen av ei enkelt seter går alt inn på ei A4-side, godt eigna som «flygeblad». For den som «er på nettet» er det no berre å skrive alt inn på eit registrerings-skjema som finst på heimesida vår. Foto kan og mailast, eller sendast med vanleg post, det siste gir helst best kvalitet. Vi hjelper til med utforminga av presentasjonen - alt dette ligg altså innanfor medlemskontingenten på kr. 250,-. Svært rimeleg marknadsføring - med tanke på at www.seterkultur.no har 2-300 besøk i veka! Nokre setre har alt «meldt seg på», men det er plass for mange fleire.




Foto: Laila Sagera

Økoturisme

Ikkje nok med at 2002 er det internasjonale «Fjellåret», det er òg FN's År for økoturisme. Vi har vore innom begrepet økoturisme for i Seterbrukaren, men kan gjerne gjenta at det handlar om natur- og kulturbasert turisme, der omsynet til økologi og bærekraft står sentralt. Turismen er sterkt veksende, og det er eit mål å redusere dei negative verknadane for naturen og det kulturelle miljøet. 1. mai 2002 blir det arrangert ein verds-konferanse for økoturisme i Canada.

Reglar og tilskot

I heftet «Hordaland - verdifulle kulturlandskap frå hav til fjell» les vi om stølen Krone i Voss kommune. Denne stølen ligg 600 m.o.h. og det er tre bruk på garden Ringheim som har stølsrett der. Fram til 1970 vart det buført heilt frå garden, 7-8 timars tur. Seinare har dyra vorte køyrt eit godt stykkje på veg, men framleis er det ikkje køyrande veg til støls. Alle bruka støla til 1988, sidan har berre eitt støla. -

Heftet som Fylkesmannen si landbruksavdeling og miljøavdeling - og kulturlandskapsgruppa i Hordaland - står bak skildrar situasjonen sommaren 2000. «Den nove-rande budeia har vore på Krone om somrane sidan ho var ung og har ført tradisjonen vidare frå mor si. I år støla ho med 15 dyr, og av dei var det 6 mjølkekyr. Dette vert mjølka for hand kvar morgon og kveld. Kalvane får saupet og skummamjølka, medan fløyten vert ståande til rjome. Ein gong i veka vert det kinna smør. Dette vert brukt på stølen eller kløvja og levert på meieriet. Dei to andre bruka har no berre sauer i området unnateke nokre få kyr som budeia har som leigedyr.» Skildringa fortel om skjøtsel, dokumentasjon og tilstand. Om bygningar i godt stand og ein godt ned-

beitt stølsvoll og relativt opne lier. Opplagt ein verdfull støl å ta vare på. Men korleis ser framtida ut? - «Budeia er opp i åra og det er usikkert om nokon vil fortsetje stølinga etter henne. I våre dagar er det få som vil binde seg til å vere på stølen ein heil sommar. Det at Krone er utan køyrande veg gjer dette endå vanskelegare. - Eit anna problem i høve til stølinga på Krone er at mjølka ikkje kan hentast på stølen, og at bonden difor får problem med å få «Tilskot til seterdrift med mjølkeproduksjon». Smøret dei lagar kan heller ikkje seljast via meieriet grunna reglar frå næringsmiddeltilsynet.»

Vi tek fram dette som døme på at det truleg er trong for å sjå på regelverk og verkemiddelbruk. Tilfellet Krone er ikkje einestående! Vi har faktisk hatt ein del innspel som går på vilkåra for tilskotet til setring - m.a. frå brukarar som kan tenkje seg å ta opp att drifta på veglause stølar. I slike tilfelle seier det seg sjøl at det t.d. ikkje er snakk om full produksjon frå 20 kyr; det handlar gjerne om 2-3 kyr i produksjon medan hine går tørre, og mjølka brukt til litt lokal foredling til glede for folk som vandrar i fjellet. Men setertilskot er det ikkje

råd å få! Det finst såleis svært verdfulle former for setring som fell utanfor. På Krone er det endatil tale om ubroten tradisjon, om ein veglaus støl som avgjort er kulturhistorisk svært verdfull og som tek godt vare på eit særmerkt kulturlandskap. Ja, slik stølsdrift burde få ekstra tilskot for å halde fram drifta! - Poenget mitt er at det trengst ein gjennomgang av m.a. tilskotsreglane som vedkjem seterdrifta. Den samla verkemiddelbruken bør vurderast i ljøs av dei måla vi har sett - både nasjonalt og internasjonalt - i høve til biologisk mangfald, kulturlandskap, kulturminne og bærekraft i høve til miljøet totalt sett. Vi veit ikkje talet eksakt, men sikkert er det at altfor mange stølar fell utanom setertilskotet. Kanskje er ikkje tilskotet avgjerande, men vi veit at 13.000 kroner året ville koma godt med og gi kjærkomen motivasjon for å drive vidare ein støl som Krone. - Når vi ser korleis millionane rullar til prosjektmakeri og forskning på høge lønstrinn og skippertak av ulike slag, da er det på tide å verdsetje slik stølsdrift og ikkje minst budeiene der med eit skikkeleg tilskot!

Jostein

Utgjevar: Norsk Seterkultur,
6214 Norddal
telefon 70 25 92 29
70 25 91 77
telefaks 70 25 91 77
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Redaktør: Torhild Svisdal Mjøen
Trykk: Olav Snøfugls Trykkeri,
7340 Oppdal

Foto framside: Åshild Dale.

Styret:
Leiar:
Jostein Sande,
6214 Norddal.
Tlf 70259108.
jossanse@online.no

Marit Hoel,
Skrenten,
6400 Molde.
Tlf 71244604

Anne Ulsaker
Bækken,
3560 Hemsedal.
Tlf 32060266

Gjermund Stormoen.
TINE Norske Meierier.
Tlf 22938800.
gjermund.stormoen@tine.no

Berit Runningen,
2680 Vågå.
Tlf 61237014



Årsmøte og seminar

Styret har vedtatt å legge neste årsmøte til Oppdal i Sør-Trøndelag. Det har tradisjonelt gått for seg siste helga i mars, men på grunn av påska blir det nå helga 6.-7. april 2002. Årsmøtet vil omfatte de vanlige sakene, mennsseminarprogrammet bl.a. vil ta opp tema som stølsdrifta sin plass i høve til FN's internasjonale fjellår, økonomien i mjølkeproduksjon med setring og markedsføring av seterprodukter (mat, opplevelser etc.). Kulturinnslag hører også med i ei årsmøte/seminar-helg i NSK. Altså kryss av helga 6-7.4.2002!

Manglar du blad?

Visse problem med abonnementsregisteret kan ha ført til at enkelte ikkje har fått alle blada i år. Ta kontakt om du manglar blad!

«Ein åtte-kyrs bonde med kone og best som ikkje treng ottast for fut eller prest, han beve det best.»
(Frå Dyrene i ordspråk, Weiert Velle)



Bli med i



- for å fremja seterdrifta og seterkulturen
- skape eitt nettverk og eit fagmiljø, for aktive seterbrukarar og andre interesserte

Du får Seterbrukaren 4 gonger i året

Medlemskontingent 2002

Aktiv seterbrukar	kr. 250,-
Organisasjonar/institusjonar	kr. 400,-
Støttmedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 150,-

Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjonar/institusjon
- Støttmedlem/tinging av Seterbrukaren

Navn:

.....

Adresse:

.....

Telefon:

Send også tilbud om medlemskap til:

Send kupongen til:
NORSK SETERKULTUR
6214 NORDDAL
Tlf: 70 25 91 77
Fax: 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
Bankgiro: 2367 20 51 169

Stort og rett

«Mange har bygd opp att setrar for å bruke dei til hytter, og det er bra. Men best er det om det blir drift og matproduksjon att, og gjerne sal av skikkeleg seterkost til ein svolten vandrar eller mager bymann. No ser det ut til at det held på og kjem fleire setrar i drift att. Det er både stort og rett. Vi har bruk for setra, i meir enn kulturell forstand. Det er ikkje frå setra munn- og klauvsjuka kjem». - Desse orda er Hans Hyldbakk sine, attgjevne i den nye boka «Seterliv» av Karoline Daugstad og Svein Sæter, utgjeve av Det Norske Samlaget i samarbeid med Norsk Seterkultur. Hans Hyldbakk døydde tidlegare i år - 103 år gamal. Vi får del i ein del av røynslene hans og

tankane hans om seterlivet i boka Seterliv, og går vi til alt han har skreve av bygdabøker, artiklar og dikt finn vi at han er ein viktig bodberar i setersoga. På same måten som han var føregangsmann med å få husmannsfolket og husmannsplassane fram i bygdeseoga, var han tidleg ute med å skrive ei særskilt setersoge. Boka Setrane i Surnadal kom allereie i 1975. - «- Når begynte seterhistoria? Når sluttar ho? - Eg meiner vi må rekne starten tilbake til lenge før Kristus. Og slutten kjem aldri, seier gjetarguten og seterhistorikaren Hans Hyldbakk. Mange historikarar er eininge i det første. Mange budeier er einige idet andre.»

Hans Hyldbakk: Frå VARSØG dikt i samling 1990

Mi gamle sæter

*Når august månad kjem med mørke næter
og kveldsogg græt på strå,
då minnest eg så titt ei gamal sæter
med vegger grå,
der gjætarguten ikkje lenger gjæter
og folk som fer er få.*

*Så audsleg ligg ho der innunder fjell
med rognetre på tak,
og fosseduren tonar tett ved selet
ved natt som dag.
Å gløyma dette underlege spelet,
det er 'kje lett ei sak.*

*Av livet fekk eg stunder til å drøyma
på vollen der i ro,
og inn i fjellbeimens stille fred meg gøyma,
så sår fekk gro.
Den lækjedomen kan eg aldri gløyma,
det veit eg sikkert no.*

*Når august månad kjem med myrke næter
og skuggeblått mot kveld,
då vitjar eg på ny mi gamle sæter
innunder fjell.
Der suter søv og ævedomen græter
i søg og fossespel.*



Norsk stølslandskap - et nøkkelområde for stølsdrift i Europa

Vi har tidlegare omtala at Selskapet for Norges Vel sette saman ei gruppe for å greie ut «nyttan av og mulighetene for å etablere: Norsk stølslandskap - et nøkkelområde for stølsdrift i Europa, som et viktig og effektivt verktøy for å skape ny næring og god forvaltning av stølsområdene i Norge». Ein rapport ligg no føre, med ein grundig gjennomgang av dagensituasjon for seterdrifta og konklusjonar vedk. kva ein særleg status kan innebere.

● Generelt blir det konkludert med at ein særskilt status vil starte en bevisgjøringsprosess lokalt, regionalt og nasjonalt. Fokus vil øke omkring de muligheter som finnes for en betydelig lokal verdiskaping, men også rette søkelyset på kvalitetene i denne kulturen og dette landskapet, og dermed bidra til en bærekraftig utvikling gjennom bedre skjøtsel og forvaltning».

Grappa som står bak rapporten, der også Norsk seterkultur er representert, held fram at ein formell særstatus for stølsområda ikkje er avhengig av internasjonal godkjenning. Men det vil vere eit viktig signal at Noreg som nasjon ønskjer å ta eit særleg internasjonalt ansvar for seterkulturen og seterlandskapet, i tråd med internasjonale avtalar.

- Det går fram av rapporten at leiarmøtet i det såkalla Fjellregionsamarbeidet (23 kommunar i Sør-Trøndelag, Oppland og Hedmark) har handsama denne saka og konkluderer med at ein særreigen status for stølsområda vil kunne gje svært positive ringverknader for desse regionane.

● Rapporten konkluderer elles med at ei slik erklæring vil vere eit viktig norsk bidrag internasjonalt i samband med FNs «The International Year of Mountains» 2002.



Foto utlånt frå norsk Setermuseum.



Mountain Forum

Norsk seterkultur går inn i det internasjonale Mountain Forum. Dette er et verdensomspennende nettverk for utvikling og forvaltning av fjellområda. Med web-side, publikasjoner, arrangement og ikke minst utveksling av kunnskap og kompetanse er dette et forum der vi både kan lære og sjølsagt gjøre norsk seterdrift og seterkultur kjent.

Andre tider

«Øvre Valdres er vel det eneste distrikt i Norge hvor seterdriften utvides. En av årsakene er at man har fått meget gode veier innover fjellviddene. Melken hentes og kjøres hver dag til meieriet. Budeiene betrakter det som ren ferie å ligge på seteren - eller stølen - som vi sier i Valdres. Dessuten har høyproduksjonen i fjellet fått stadig større betydning. Ganske store områder er dyrket opp og de gir meget gode avlinger av høy som har større prosent såkalte føreheter enn høyet ned på gårdene. Ja, enkelte småbønder får nå mere fôr fra fjellet enn de slår på hjemmebruket. - Men det er også noen støler som nedlegges, og det er helst de mest idylliske. Grunnen er som regel at de ikke har skikkelig vei og må yste og kinne hver dag. Nåtidens budeier vil ikke ha dette langvarige strevet -»

Eiliv Odde Hauge i DNTs årbok 1971

Ystekurs i Singsås



Vi skjønte fort at gamlemåten ikkje dugde når ein skulle yste moderne tankmjølk i eit samfunnsbus.

Setring og småskalamatproduksjon er i vinden. Gamle tradisjonar kjem til heider og verdigheit att, og brukarane sjølv ser optimistisk på framtida. Men nye tider stiller nye krav, den som skal produsere mat for sal i dag, må forhalde seg til reglar og forskrifter. For å få nok kunnskap til dette vart det arrangert ystekurs i Singsås.

Mykje bra og matnytting kan koma ut av å samle aktive seterbrukarar. På eit seterseminar på Oppdal i vinter vart det knytta kontaktar mellom seterbrukarar i Oppdal, Rennebu og Midtre - Gauldal. Ein av ideane som vart unnfanga var å arrangere eit ystekurs i regionen. Pascale Baudonnel frå Undredal vart hyra som lærar, og med 19 deltakarar, Oddgeir Grytdal som lokal pådrivar og Torhild Svisdal Mjøen som kursleiar vart det klart for ystekurs i Singsås 16-18. oktober.

Som deltakinga syner er interessa for heimeysting stor. I Midtre - Gauldal er det ein lang ubrotten tradisjon med setring, og i dag er det mange aktive drivarar. Det har vore gjort mykje arbeid i seterdalane der for å oppretthalde seterdrifta. Til dømes så har det

vore utført mykje restaureringsarbeid på hus med meir ved hjelp, av STILK-midler.

På programmet for Ystekurset i Singsås sto ysting av mjuk og fast kvitost, koking av brunost og gamalost samt tillaging av yoghurt. Det meste av programmet sto Pascale Baudonnel

for. Ho er opprinneleg fransk og har utdanning i ystefaget derifrå. Ho ha budd lenge i Noreg og driv eit geitebruk i ostebygda Undredal i Aurland. Mange kjenner ho som ildsjel for å få liv i norsk gardsproduksjon av ost, og foreninga Norsk Gardsost er eit av resultatata av innsatsen hennar.

Første dagen vart starta med å sette mjølkeprøver som alle hadde med seg, i eit varmeskap. No skulle alle få testa si mjølk og korleis ho var til å yste av. No vart mjølk sett til syrning med tilsetjing av bakteriekulturar for å lage dei to sortane kvitost. Vi skjønte fort at gamlemåten ikkje dugde når ein skulle yste moderne tankmjølk i eit samfunnsbus. Det byrja allereie å teikne seg til å bli ein meire vitenskapelig måte å tenkje mjølk på, enn dei fleste hadde forestilt seg før kurset. Like viktig som oppskrifter og gjermåte så formidla Pascale kunnskap om mjølkekvalitet, syrning, bakteriekulturar og ulike ostløyper. Og nye begrep som drenering av osten, mesofile - og termofilebakteriar, beherska vi etter kvart. Pascale legg vekt på å yste av upasteurisert mjølk slik det vil vere aktuelt på setrene. Dette er ei utfordring, da utan oppvarminga vil mjølka behalde den opprinnelege bakteriekulturen og den må vere rett skal ein få gode produkt. Det er her viktig med kunnskap om teknikk og ikkje minst hygiene. Etter å ha løypt kvito



*Pascale Baudonnel
ausar opp den mjuke
kvitosten.*

ten vart det laga små mjuke kvitostar som kan etast ferske, og store faste kvitostar som skal modnast.

Dag to var det brunostkoking og til-laging av yoghurt. Brunostkoking var det fleire som hadde gjort før, og bi-dro med diverse råd. Det lokale inn-slaget var det Anbjørg Ronningsgrind og Johanne Bakken frå Singsås som stod for. Dei synte oss gamalostkoking etter tradisjon frå Singsås. Her skulle ein fylje godt med for å få med seg kva som var «passleg», her var det ikkje liter og kg som fortalte oss kva som var rett, men «aumålet». Det er i dag ingen som produserar gamalost på setrene i regionen, så dette er kunnskap som må takast vare på for alle tradisjonsberarane er borte. Det var fleire av deltakarane som kunne tenkje seg å prøve noko slik sjølv på setra. Kanskje får vi ein gamalost pro-dusert i Singsås att til sommaren?

Med ein serie lysbilder og ein film om ysting i Frankrike, fekk ein eit inn-blikk i at produksjon av ost i liten ska-la basert på gamle tradisjonar er svært utbredt i delar av andre land. I Noreg har tradisjonen med småskalaysting stort sett overlevd på setrene, medan det i andre land er like vanleg å yste heime på garden. Gardsysteria deira er nok noko meire moderne enn tilhøva



Anbjørg synte oss gamalostkoking etter tradisjon frå Singsås.

er på våre setre, men det er òg nød-vendig når dei skal yste heile året.

Som avslutting på kurset skulle produkta prøvesmakast. Det var ein stolt gjeng ystarar som gomla og smat-ta på kvitost, skjørøst, brunost og yoghurt, jammen hadde det vorte gode produkt! Pascale hadde òg med seg eigenprodusert ost, og ost frå Frankrike som ein fekk smake, noko

vart nok litt drygt for sarte trønder-ganer, men det var ei oppleving.

No gjenstår det å sjå om det vert produsert noko meire ost i regionen etter dette, mykje kunnskap er i alle høve på plass, og det var ein entusias-tisk gjeng som drog heim etter kurs-avslutninga.

Torhild

Nettverksmøte

Vi har tidlegare omtala arbeidet for å utvikle eit «Nettverk for nyskaping og koordinering i geitehaldet». Nyleg ba arbeids-gruppa, som vart organisert i vår, inn til «oppstartsmøte» for dette nettverket. Gjennom faglege innlegg og diskusjon fekk gruppa svært nyttige innspel til det vidare arbeidet. Per Ingvar Olsen, Senter for samvirkeforskning BI, Kåre Vold, Norsk Kjøtt og Ole Hvamstad, Norsk Landbrukssamvirke tok for seg organisering, og sette fokus på nettverksorganisering og utvikling av ny-kooperativ - med relasjon til geitehaldet. Under temaet om korleis nettverket skal arbeide, vart det særleg fokusert på marknadskommunikasjonen. Tor Guttormsen, Ketil Røberg og Bente Mogård - alle frå Tine - orienterte om kva Tine gjer på produksida, presenterte ein fersk marknadsundersøkelse om forbrukarane sine hald-ningar til geitprodukt og dei internasjonale mulegheitene. Det siste tok også Arne Folkestad frå Eksportrådet for seg, sameleis ga Einar Alme, industriattaché ved Norges Eksportråd i Paris, nyttige innspel både om nye organisa-toriske grep innan geitehaldet i Frankrike og mulegheitene

for eksport. Tor Lunder gjorde greie for Tine si handlingsplan for geitehaldet og Trond Soma, SND, tok for seg Verdi-skapingsprogrammet.

SND si bransjegruppe som hadde utarbeidd strategiplanen for geitehaldet var invitert, i tillegg til ei rekkje andre representantar for organisasjonar og prosjekt. - Samla sett ga seminaret innspel som gir grunnlag for store ambisjonar for det norske geitehaldet. Fleire understreka at nettverket må ha klare mål, ein klart definert jobb skal gjerast og ein skal ikkje møtast «for å bytte glansbilde», som Kåre Vold frå kjøtsamvirket uttrykte det. Det kom fram at geitemjølka bidreg positivt i Tine-rekneskapen, men at det samstundes er muleg å få vesentleg meir ut av dette osteråstoffet. Det blir arbeid med nye produkt - t.d. feta-ost og geite-gouda - og det vart understreka kor viktig det er å ha sjøltillit til å stå på pris, for slik å få opp prisen på råstoffet. Geitehaldarane sin framtrekande plass mellom dei som utviklar lokal foredling vart og peika på som ein styrke for heile spekteret av geiteprodukt.

Seterdrift i Romsdalen

Kabbe-setra i Brøstedalen



Gamle og nye drivarar på Kabbesetra.

Øvst i Romsdalen, heilt på grensa mot Lesja, ligg Brøstedalen. Ein frodig fjelldal med mange setervollar, ca. 600 m.o.h. I dag er berre Sæterbøstølen på Kabben i drift. Dalen ber umisskjenneleg preg av attgroing. Omkring Kabben opnar det seg - her det har vore uavbrote beiting av både sau og krøter.

Eg fekk komma på Kabbe-setra no i sommar for å kåsere om ysting og kinning. Eg nytta sjølvsgagt også høvet til å presentere Norsk Seterkultur. Det var Øverdalen bygdekvinnelag som for sjetten året på rad arrangerte seterdag. Trass i duskregn, samlast kring 250 menneske, stort og smått, til mat og prat og ymse aktivitetar. I år var det attpåtil jubileum. Setra har vore i drift i 100 år! Enda hundre år attende var det fastbuande her, men først på 1800-talet tok fonna garden og 11 menneske omkom.

I dag er brukarane Marit Kvam og Arnfinn Lislien. Dei tok over heimegarden hans, Brullia for 4 år sidan. I tillegg leiger dei Sæterbø av Andreas og

Elisabeth Lislien, onkel og tante til Arnfinn. Stølen på Kabben høyrer til Sæterbø. Marit kjem frå garden Søre Kvam i Vang i Valdres og er sjølv vokse opp med setring. Andreas og Elisabeth hadde dreve setra i heile 40 somrar da dei gav seg.

Marit og Arnfinn har i dag ein buskap på 6 kyr, 10-12 ungdyr, 40 vinterfora sau og 2-3 sida trønder som ammekyr. Arnfinn arbeider attåt som fagkonsulent i Rauma kommune. Her som andre stader, gjorde lite heimebeite det nødvendig å dra til fjells. Tidlegare var buskapan større. Dei hadde au geit. Det vart sjølvsgagt ysta og kinna. Etter at det kom veg fram, vart mjølka sendt til meieriet. No går mjølkemaskina på bensinagregat. Fløyten blir sett til rømme og skumma-mjølka går til kalvane. Hyttefolk tek unda rømmen. For berre 50 kroner literen får dei med seg godsmaken frå saftig fjellbeite!

Arnfinn fortel at utviklinga i jordbruket har gjort at det no er rikeleg med jord og beite nede i bygda, men dei

vel likevel å halde fram med seterdrifta. Det er helsebot både for menneske og dyr! Med arbeid utanom garden og to småborn kan ikkje Arnfinn og Marit dra til seters. Så langt er dei avhengige av leigd hjelp. I sommar var søster til Arnfinn, Ann Iren Lislien, buedeie. For henne og borna var dette seks vekers topp sommarferie! I år vart au alt så mykje lettare fordi kyrne kom att av seg sjølve. Tidlegare somrar gjekk det gjerne med ein time til henting. Ei ny dugande bjølleku løyste det problemet!

Vi håpar inderleg at det blir hjelp å få på Kabbe-setra i åra framover. Det ville vera alldeles forgale om det ikkje var liv laga for einaste setra i drift øvst i Romsdalen! All ære til «gamlefolket» Andreas og Elisabeth som sto på i tider da seterbruket hadde heller tronge kår!

Marit Hoel

Geita som ville heim til jul

- Slit meg opp gjennom laussnoen, i bratt ur, over store steinar. Snøflokker piskar. Det mekrar, tydeleg, gong etter gong. Geit. Fleire? Verkar nære. Ser ikkje noko. Stilt, berre lyden av vind og snøfokk. Kallar så høgt eg kan. Kallar! Står og høyrer etter, kvar kjem mekringa frå? Ser ned på den store, kvite vassflata. Har klatra beint opp, sikkert 4-500 meter. Timen er snart gått, sia eg tok av

meg skiene. Nærmar meg ein tverrbratt hammar. Kjem nok ikkje lenger? Så hengjebratt at eg må øye meg attover for å sjå, men der ei brun, raggåt geit kjem til syne øvst oppe på hammaren. Ho sklir nedover, fører snøen framfor seg, sender små fonnaspirar utom - og mekrar. Eg finn ei sleppe i fjellet, kliv så høgt opp eg kan, ser ut til å vera som ei renne ned mot meg. Stup på hi sida. - Det må vera ei av dei to unngæitene som brått vart borte frå stølen den 17. juni. Og slik som vi

leita - og undrast kva som kunne ha skjedd!

Geita slepper seg nedover, mekrar, nappar i gråbrune strå som stikk opp av snøen. Beiter ei ri. Mekrar. Kryssar nedover att. Sender små snøflak mot meg. Blir ståande 25-30 meter ovafor. Ser ikkje fleire strå, berre glatte svadet vidare. Men kanskje ikkje brattare enn at ho kan overleva fallet? Eg kallar, ho svarar, ja oss samtalar! Tida går, eg ropar at henne gong på gong: komma no, komma no, no må du komma heim te' jul. Slepp deg ned her.

Snøen er laus, ingen skarpe steinar. Og går det gale skal eg gjera pina kort! Ho vil så gjerne, grev - men kjenner berre laussnø, ho er på siste avsatsen. Eg kastar snøballar, vil skreime ho vidare, men vinden tek dei. - Timane går, det er julaftan, og eg skulle vel eigentleg ikkje vore på tur

til seters ein slik kveld, det skymmer, heime ventar fjøs ogTungt å gje opp, men eg må ta nedover før det blir mørkt. Kallar medan eg baskar meg ned gjennom ur og skogsnar, ho svarar nokre gonger, eg ser ho står på same hylla, bit ivrig i grastustane, men vinden og snøvéret døyver meir og meir lyden. Kallar og lyer medan eg glir stilt på skia heimover vegen langs



Heimatt med julegåve.

Foto: Åsbil Dale.

vatnet. Korkje høyrer eller ser noko meir i snødriva. Tungt å gje seg. Tenk om eg hadde havt med meg ei geit heimatt julkvelden!

Det vart ei underleg julnatt. - Tidleg juldagsmorgonen bar det i veg att. Med rifle. Geita skulle ikkje svelte ihel oppe på hammaren. Spora opp lia var utviska av vind og halvmeteren med nysnø. Eg baska meg oppover, kalla og lytta. Ikkje noko å høyre, ikkje geit å sjå. Kan ho ha bykst utom? Eg må finne ut kva som har skjedd. Komen mesta opp att tykkjer eg brått eg høyrer mekring. Står i ro. Stilt. Det sitt vel berre i sia i gærkveld? Nei! Høyrer mekring! Frå ein annan kant - lenger heime. Det er geit! Tek fatt på ura, langs etter lia. Svak mekring. Langt unna? Snøen er djup, store holer mellom steinane, det går ikkje fort. - Må rundt ein stor stein, og der - nede

i eit hol - stikk det brått opp eit buskåt fjes: Mæææææ! Ho nappar i meg,

vil vera med, mekrar, mekrar - det er liksom ho vil fortelje meg noko. Om fallet? Om halvåret borte, om kjeet ho har mista - eg kjenner eit innskrumpa jur, om venninna som vart att der oppe i flogfjellet ...? Ho skulle vel ikkje ha vore teka av hulderfolket? Så

tam etter eit halvår borte frå folk!

Oss sym nærast ned gjennom snøen. Har eit reip kring geita. Ho bér seg, legg hovudet attover, er medteka. Greier ikkje riste snøen av seg. Våt og kald. - Er redd ho snart ikkje maktar meir. Kjenner tårane renn, eg syng

.... «å ette' treppa lita geit å kvellan', å kvellan', seier at no held du ut! Du må ikkje gje deg, snart er oss heime. Og heim kom oss. Inn i fjøset, Åshild i gang med hårtørkaren, stakkars skrotten var kald - langt ned på 36-talet, grønt småhøy å nappe i, heit havresu-

pe første dagane. Litt halt. Mager. Tydeleg medteka. - Det tok ei tid før ho heilt var seg sjøl, vart glad. Månaden gjekk før ho dansa! I sommar var ho gladaste geita på stølen. I oktober fekk ho eit nydeleg kje. - Og sjølsagt lyer nr. 0022 namnet Julegåve!

Jostein



Grender innved Trollheimen

er tittelen på boka om Skardalen, Nerskogen og Lauvåsen - grender i det mangfaldige fjellområdet mellom Oppdal og Rennebu. Marie Vik, Jens P. Flå og Birgit Foss (redaktør) har gjort eit godt arbeid. Boka kom ut i fjor. Gjennom dei knapt 200 sidene får vi i både tekst og bilete ei godt innblikk i historia til desse grendene, som omfattar både ei mengd setre og store område med fast busetnad. Det samiske innslaget har òg fått sin plass. Når det gjeld setrene blir kvar enkelt seter relativt grundig omtala - og historia ført fram til i dag. Utviklinga har gått i retning av fellesetre, som det i dag er fleire av i området. Driftsforma er endra, men bruken av fjellbeita er omfattande og mange seterstolar blir haldne godt ved like. Boka fortel elles mykje om den omfattande bureisinga, ein imponerande innsats der folk med stort pågangsmot og sterk fellesskapskjensle skapte grunnlag for livskraftig busetnad langt til fjells.

Setrene på Nerskogen ligg på austsida av dalen, medan vi finn den faste busetnaden på vestsida. At det til og med var planar om å bygge ein



bureisingsskule på Nerskogen i 30-åra fortel om kor viktig bureisinga vart sett på i dei dagar. I bureisingsgrenda Lauvåsen er det ikkje lenger fast busetnad, fellesetre har overteke. - Boka er svært spanande for alle med interesse for setring og gardsdrift så høgt til fjells. Og mykje kunnskap er

gjennom ord og bilete sikra for framtidige generasjonar.



Regionale kompetansesenter

SND ved Programstyret for Verdskapingsprogrammet for mat har hatt Matforsk til å greie ut organiseringa av regionale kompetansesentra. Det er gjort framlegg om tre slike kompetansesentra - NORD (Sør-Tr.l. til Finnmark)/ Mære, VEST (Møre og Romsdal-Vest-Agder)/ Norconserv (Stavanger) og ØST (dei øvrige fylka)/ Matforsk, Ås. - I ein høyringsuttale peikar styret i Norsk seterkultur på at det trengst kompetansesenter/nettverk for tradisjonsprodukta som er ba-

sert på upasteurisert mjølk. Dette er viktig for vidare satsing på seterprodukt, og NSK oppmodar SND ved Programstyret for VSP om å sikre tilgjengeleg kompetanse for dei som vil satse på tradisjonsprodukta. Slik tilrådinga frå Matforsk ser ut er den industrielle tankegangen dominerande. Uttalen omtalar konkret tilbodet som er utvikla ved Sogn Jord- og Hagebruksskule i Aurland, og ber om at dette blir trekt inn i vurderinga.

Restaurering av eldre bygg

Dei mange tusen gamle stølshusa representerer ein ressurs som er verta ta vare på. Likevel er det mykje forfall å sjå, trass i nye mulegheiter for bruk og ein del gode økonomiske verkemiddel. Kanhende skortar det ofte på mot til å ta fatt på gamle konstruksjonar? I heftet «Råd og tips om utvendig restaurering av eldrebygg» gir fylkesagronom Reidulf Gald ved FMLA - Hordaland mange nyttige råd, som også gjeld mange av seterhusa. Heftet tek m.a. for seg grunnmur og fundament, murhus, lafta og grindbygde hus og overflatebehandling. - Det går fram at landbruksavdelinga sidan 1991 har ytt om lag 21 millionar kroner gjennom STILK-ordninga for å ta vare på freda og verneverdige bygningar i landbruket sitt kulturlandskap. Avdelinga har såleis og skaffa seg stor kompetanse og kunnskap om restaureringsarbeid på slike bygg.

Det internasjonale fjellåret

Hovudforsamlinga i FN vedtok i 1998 at 2002 skulle vera «The International Year of Mountains». 40 prosent av jordas overflate er fjell, ti prosent av folket bur i fjellområda. For tilførsel av vatn, energi, byggjematerial, mat og for sport, rekreasjon og kultur er desse områda av avgjerande betydning for ein svært stor del av jordas befolkning. Målet med fjellåret er m.a. å sikre framtida for busetnad og langsiktig ressursutnytting i fjellområda, og ikkje minst å ta vare på dei svært sårbare økosystema og såleis sikre det biologiske mangfaldet. Vi er gjerne vant til at offentlege styresmakter tek initiativ i slike høve, men no ser det ut til at aktuelle organisasjonar må ta ansvaret for å få til ei norsk markering av det vi gjerne kan kalle «Fjellåret». Norsk seterkultur har teke kontakt med fleire organisasjonar om samarbeid, og mest konkret er planane om samarbeid med Den Norske Turistforening (DNT) - som legg opp til å ta eit hovudansvar for å markere det internasjonale fjellåret her i landet.

I møte nyleg vart det drofta fleire konkrete markeringar - både større nasjonale tiltak og lokale/regionale tilskipingar. Vi veit òg at Fjellregionsamarbeidet har planar for fjellåret, alt dette bør sjølsagt koordinerast så langt råd er. For Norsk seterkultur er det naturleg å bruke dette året til å få fram kor viktig det er å ta vare på seterdrifta og beitebruken i fjellet. Verdien av denne verksemda er godt dokumentert, også det enorme potensialet som ligg i ytterlegare verdiskaping på grunnlag av ressursane i fjellet. Den responsen vi opplever - frå organisasjonar og ein-skild-personar utanfor landbruket - viser at vi er mange fleire «seterbrukarar» enn oss som fører ku og geit til seters. Setra er verkeleg ein møteplass, for samarbeid og dialog, ein stad der verdien av levande bygder kjem så tydeleg til syne. Konkret vil Norsk seterkultur engasjere seg både i å få til ei godt synleg opning av året, få tema knytt til setring og beitebruk sterkt fram i konferanse- og seminarprogram - og ikkje minst medverke til arrangement kringom i stolsområda, gjerne der seterdrift og friluftsliv møtest. Alt ligg vel til rette for samarbeid med DNT og dei regionale turistforeningane, for ofte finn vi setre og turisthytter nærast «vegg i vegg». Håpet er at dette skal bli ein dugnad som verkeleg set fokus på dei verdiane som finst i fjellområda totalt sett, og for vår del i særleg grad får fram kor viktig det er å ta vare på og vidareutvikle seterdrifta.

Styret i Norsk seterkultur vil følgje opp dei initiativa som

er tekne overfor sentrale organisasjonar og samstundes hjelpe til med å få til ulike markeringar av det internasjonale fjellåret på seterstemne og seterhelgar som det kvar sommar er mange av kringom i landet.



Foto: Åsbild Dale.

Norsk Seterkultur
6214 NORDDAL

BYE

ELEKTRISK SEPARATOR

BESTSELGER I EUROPA
1. KLASSES SEPARERING
AV MELK/FLØTE

Fullelektronisk
8400 omdr.

Priser
40 ltr./t.

Kr

4.990,-

80 ltr./t.

Kr

7.750,-

125 ltr./t.

Kr

8.640,-



119/01

BYE 1890 Rakkestad
Tlf. 69 22 53 00
Fax 69 22 23 35

E.post: bye@bye.no
Internett: www.bye.no

Center for Bio-diversitet

Norsk seterkultur får stadig nye kontakter og samarbeidspartnarar, seinast det danske Center for Bio-diversitet. Senteret er medlemsorganisert, informerer via nettet og nyheitsbrevet Loci som kjem ut fire gonger i året, tilbyr rabatt på litteratur m.m. - «Center for Bio-diversitet er et uafhængig informationscenter, med det formål at informere om bevarelsen af vores levende kulturarv af kulturplanter og husdyracer - ikke i en fjern og eksklusiv genbank; men ude i baghaverne, så almindelige mennesker igen kan nyde naturens rigdom». Senteret er for alle som ønsker «den biologiske mangfoldighed bevaret på græsrodsniveau».



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen og vi støttar Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma

NÅ BLIR DET ENKLERE Å LYKKES I FJØSET

FORMEL

VI FORNYER FORMEL-SORTIMENTET TIL DROVTYGGERE

Nyere forskning viser at AAT-verdiene i grovfôr har vært overvurdert. Mange bønder har gitt dyra fôrresjoner med for lite protein og fått dårlegere resultater enn nødvendig. Felleskjøpet har tatt konsekvensen av dette og fornyer FORMEL-sortimentet.

Den viktigste endringen er FORMEL Favor – nye blandinger som dekker behovet ved de fleste driftsformer. Ved hjelp av FORMEL-næklene i vår nye brosjyre kan du enkelt finne den blandingen som gir best resultat i ditt fjøs.



www.fk.no



*Seterbrukaren ønskjer alle sine lesarar
ei riktig god jul og eit godt nyår!*